

Arkiv:
JournalpostID: 19/473
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 13.11.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
002/19	Alver formannskap	21.11.2019
	Alver kommunestyre	

DIHVA – Driftsassistansen i Hordaland – Vann og avløp IKS, namneendring og endring frå IKS til AS

Vedlegg i saken:

13.11.2019	UNDERLAG FOR KOMMUNESTYRESAK OM DIHVA FRA IKS TIL AS REVIDERT 18.06.2019	1326015
13.11.2019	Tilbakemelding etter orienteringsmøte 13.06.2019, DIHVA fra IKS til AS	1326016
13.11.2019	Forslag til stiftingsdokument 2019, Vannvest AS	1326017
13.11.2019	Forslag til aksjonæravtale 2019, Vannvest AS	1326018
13.11.2019	Årsberetning 2018 DIHVA IKS	1326019
13.11.2019	Gjeldande selskapsavtale for DIHVA IKS	1326020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommunestyre gjer vedtak om å delta i stiftinga av Vannvest AS og kjøpe ein aksje i Vannvest AS pålydande kr 5000, å yte eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr innbyggjar pr 01.01.2019, og å tre ut av DIHVA IKS med verknad frå 01.09.2020.

Følgjande får fullmakt til å representere kommunen på stiftingsmøtet 04.12.2019:.....

Følgjande representerer Alver kommune i generalforsamlinga i valperioden:.....

Vararepresentant:.....

Følgjande representerer kommunen i representantskapet for DIHVA IKS fram til nedlegging:.....

Vararepresentant:.....»

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Driftsassistansen i Hordland – Vann og avløp IKS (DIHVA IKS) er ein samarbeidsorganisasjon etter kommunelove sine reglar om interkommunalt samarbeid (IKS). Samarbeidet starta i 1999, blei formalisert i 2004 og omfattar 33 kommunar, med 6 tilsette i IKS'et. Meland, Radøy og Lindås er mellom dei 22 eigarkommunane. Dei 11 siste kommunane har knyta seg til samarbeidet utan at formelt eigarskap er etablert. I tillegg er 4 andre kommunar tilknytt som «medlemer».

Styret for DIHVA er sett saman av administrative representantar frå kommunane frå fagområda. Styret er ansvarleg for den daglege drifta, innanfor rammer gitt av eigarkommunane. Eigarkommunane styrer gjennom politisk representasjon i representantskapet.

Styret, dei tilsette og representantskapet ønskjer å vidareføre verksemda til DIHVA IKS i eit nytt aksjeselskap, på det same fundamentet som ligg til grunn for IKS'et. Det vil seie som eit selskap utan økonomisk formål, og med vedtekter tilpassa samarbeidsforma. 20 kommunar deltok på eit orienteringsmøte 13.06.2019, og det var semje om å tilrå endringane.

Hovudgrunnen til overgangen til AS ligg i prosessen knytt til opptak av nye medlemer eller eigarkommunar. Sjølv om representantskapet ønskjer å innlemme fleire kommunar i samarbeidet, kan det ikkje gjennomførast utan at alle kommunestyra i eigarkommunane gjer vedtak om opptak av kvar ny kommune. Med såpass mange eigarar blir dette ein langvaring og lite hensiktsmessig prosess. Kommunar som i dag er tilknytt utan formelt eigarskap, har ikkje same ansvar og påverknad som dei formelle eigarkommunane. I utgangspunktet er det ønskjeleg at alle deltakarane inngår som eigarkommunar.

Ved overgang til AS vil generalforsamlinga kunne gjere vedtak om opptak av nye eigarar, evt av styret etter fullmakt.

Val av aksjeselskap er ikkje grunngeve med tilrettelegging for økonomisk verksemd med sikte på utbytte. Tvert imot påpeiker DIHVA at vedtekter og aksjonæravtale må regulere innverknad frå eigarane, deltakaravgift, vidareføre utvida eigenregi og skattefritak.

Økonomi

Omsetninga i 2018 var kr 12 538 256, eigenkapitalen var kr 2 551 867 pr 31.12.2018. Drifta er finansiert av årlege deltakaravgifter frå samarbeidskommunane i tillegg til inntekter frå kurs og særskilte oppdrag overfor enkelte deltakarkommunar etter behov. Deltakaravgifta er forelsått vidareført i same form som i dag. Eigenkapitalen blir betalt tilbake til eigarkommunane når IKS opphører. Ny eigenkapital for AS blir innbetalt ved stiftinga.

Namneendring

Etter ei brei vurdering av ulike alternativ, har representantskapet slutta seg til at det er ønskjeleg å endre namnet til Vannvest AS. «Vann» er eit omgrep som omfattar drikkevatn, avlaupsvatn og overvatn. «Vest» er eit eigna namn for samarbeid i ulike fylke, utan ei avgrensa geografisk forankring. Til dømes vil kommunar / fylkeskommunar både nord og sør for Vestland fylke kunna ta del i samarbeidet.

Vurdering

DIHVA er ein samarbeidsorganisasjon der kjerneoppgåvene er å medverke til samarbeid mellom kommunane, skape møteplassar, medverke til kompetanseheving og med felles oppgåveløysing. På nokre område er det gjort avtalar om oppdrag for bestemte kommunar, t.d. prøvetaking på større avlaupsanlegg, drift av leidningskart, drift av damanlegg, miljø i sjø og ferskvatn og beredskap. Framlegg til aksjonæravtale og selskapsdokument med vedlegg inneheld formuleringar som sikrar vidareføring av samarbeidet over same lest som i dag:

- Formålsparagrafen synleggjer at selskapet er ein samarbeidsorganisasjon, der verksemda ikkje skal drivast lenger enn til å fremje og underbyggje eigarane sine vatn- og avlaupsinteresser.
- Selskapet skal ikkje drive økonomisk verksemd og betaler ikkje utbytte.

- Ved eventuell oppløysing av selskapet skal midlane gå til formål i tråd med selskapet sitt formål.
- Berre kommunar, fylkeskommunar og selskap som er 100 % eigd av kommunar kan vere aksjonærar.
- Kvar kommune er representert i generalforsamlinga med ein stemme, ein aksje, pålydande kr 5 000,-.
- Eigarstyringa er utvida av omsyn til regelverket for eigenregi slik dette går fram av regelverket for offentlege anskaffingar. Det tyder m.a. at budsjett og årleg deltakergebyr skal godkjennast av generalforsamlinga.
- Reglar for korleis ein trer ut av selskapet.
- Plikt til å betale årleg deltakergebyr som generalformlinga fastset. Dagens prinsipp i IKS blir vidareført (for 2019: kr 12 130,- pr kommune pluss kr 2,11 pr innbyggjar). For Alver utgjer dette ca kr 74 000,-
- Plikt for aksjonærane til å yte eit ansvarleg lån tilsvarande 5 kr pr innbyggjar for å etablere nødvendig kapital i selskapet frå oppstart (dagens eigenkapital i DIHVA kjem til utbetaling til dagens formelle eigarar). For Alver utgjer dette ca kr 150 000,-
- Innføring av valkomite, ny ordning som ikkje er regulert i dagens selskapsavtale for iKS.

Kommunesamanslåing

Alver kommune tar med seg plikter og rettar som dei tre kommunane har i dag. Det er såleis ikkje krav om eigne kommunestyrevedtak for vidare deltaking i DIHVA IKS frå 2020, i overgangsperioden frå IKS til AS.

Stiftingsdokumenta lister opp noverande kommunar som er med i samarbeidet. Når dei ulike kommunestyra har gjort sine vedtak, blir stiftingsdokumenta oppdatert. I staden for Lindås, Meland og Radøy kommunar vil Alver kommune bli skrive inn.

Konklusjon

Programansvarleg rår til at Alver kommunestyre gjer vedtak om å slutte seg til endringane i det interkommunale samarbeidet på vatn- og avlaupsområdet, DIHVA IKS. Programansvarleg meiner det er hensiktsmessig å endre selskapsforma til eit AS, med vedtekter som regulerer drifta i tråd med noverande formål. Namneendringa vil gjere samarbeidet meri synleg og tydeleg. Endringa medfører ingen økonomiske konsekvensar for Alver, verken for eigenkapital eller årleg deltakaravgift.

Alver formannskap 21.11.2019:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg 1. avsnitt vart samrøystes vedteke.

Formannskapet sender val av representantar til kommunestyret via valnemnda.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 002/19 Vedtak:

«Alver kommunestyre gjer vedtak om å delta i stiftinga av Vannvest AS og kjøpe ein aksje i Vannvest AS pålydande kr 5000, å yte eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr innbyggjar pr 01.01.2019, og å tre ut av DIHVA IKS med verknad frå 01.09.2020.

Følgjande får fullmakt til å representere kommunen på stiftingsmøtet

04.12.2019:.....

Følgjande representerer Alver kommune i generalforsamlinga i
valperioden:.....

Vararepresentant:.....

Følgjande representerer kommunen i representantskapet for DIHVA IKS fram til
nedlegging:.....

Vararepresentant:.....»